



Slik planlegg kommunen vidare utbygging

Kommunen har søkt om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan på Børnes og ber om at 2 dekar vert omdisponert frå friluftsføremål til industri/næring.

Arealet skal nyttast til lagerhall for Brødrene

**Musland Maskin, Verksemda eig frå før
3,7 dekar men ynskjer å byggja ein
større hall for å stetta sin trong inne og ute. Ei utviding er berre
mogeleg mot vest der tomta grensar mot kommunal eigeedom.**

Jarle Fossheim i kommunen opplysar at det i den seinare tid har vore aukande interesse for Børnes og nye aktørar har fått hand om tomter.

I desse dagar vert det planlagt ei utbyggjing av resterande areal mot sør som grensar mot fylkesvegen. Dette kan skje med bakgrunn i eksisterande reguleringsplan.

Men mot nordvest ligg eit større område som er avsett til friluftsføremål medan det i kommunedelplanen er avsett til næring. Det er naturleg å sjå på dette som eit utvidingsareal for tilgrensande tomter. Det gjeld spesielt Brødrene Musland Maskin.

Med bakgrunn i eksisterande plan vil ein om kort tid ha bygd ut det areal som i planen er bygd ut det areal som er kommunalt og avsett til næring. Det ligg ikkje føre konkrete planar for den delen som er i privat eige som skulle tilsei revidering av eksisterande plan.

Av Ola Matti Mathisen